

## INNHALD

### LEIAR

- Gunnstein Akselberg: Ny lov om personnamn ..... 3  
Botolv Helleland: Maud Angelica ..... 4

### NORSK NAMNELAG

- Anne Svanevik: Landsmøte i Norsk namnelag ..... 6

### NASJONAL KONFERANSE

- Gulbrand Alhaug: Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking ..... 8

### SAMARBEIDSNEMNDA

- Møte om namnedatabasar i september ..... 10

### NAMNEKONSULENTTENESTA

- Terje Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker ..... 10  
Terje Larsen: Nytt frå namnekonsulenttenesta ..... 12  
Astrid Sann Evensen: Nettsted for navnekonsulenttjenesten ..... 13  
Namnekonsulentane – eit sukk frå folkedjupet ..... 13

### NORMERING OG BRUK AV NAMN

- Karin Fjellhammer Seim: Når navn kommer på «avveger» ..... 14  
Ivar Utne: Etternavn og mellomnavn med familietradisjon ..... 18  
Ivar Utne: Navnetradisjoner som ikke skiller mellom for- og etternavn ..... 24  
Navnestatistikk for 2002 ..... 28

### NORNA

- Gulbrand Alhaug: Nordisk komité for personnamnterminologi ..... 31  
Staffan Nyström: Nordisk namnforskarkongress 15–18 augusti 2003... 32

### ICOS-NYTT

- Neste ICOS-kongress – Pisa 2005 ..... 32

### FN-NYTT

- Den nordiske divisjonen av UNGEGN ..... 33

### ANNA MELDINGSSTOFF

- Bent Jørgensen: Institut for navneforskning nye lokaler ..... 33  
Finn Myrvang: Stadnamnprosjektet i Nordland ..... 34  
Doktordisputas i namnegransking i Trondheim ..... 34  
Global gazetteer – Verdsglaset ..... 34  
Per Vestbøstad: Europeisk oppslagsbase for personnamn og  
korporasjonsnamn ..... 35

### ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

- Frode Korslund: Bygdenavnet *Øyer* ..... 37  
Kåre Magne Holsbøvåg: Noko om bustadnamn på *-bøen* ..... 39  
Noe om navneskikk i Nordland ..... 41

## BOKOMTALAR

Kristoffer Kruken: Person- og stadnamn i lokalhistoria .....	44
Botolv Helleland: Signaturar i segner og stadnamn .....	45
Anne Svanevik: Dansk personnavnbok .....	47
Botolv Helleland: Avgrensing av namne kategoriar .....	49
Botolv Helleland: Svensk stadnamnleksikon .....	50
Botolv Helleland: Stadnamn for turistar og andre .....	51
Botolv Helleland: Stadnamn i Mjøsdalen .....	52
Botolv Helleland: Ursäkta, hur var namnet? .....	54
OMTALER AV HOVUDOPPGÅVER	
Tom Schmidt: Navn i slaviske familier i Norge .....	55

LEIAR

## NY LOV OM PERSONNAMN

Tidene endrar seg og med dei personnamnskikkane. Opp gjennom historia har namneskikkane i Noreg variert til dømes ved at ulike typar namn har vore meir populære i ein periode enn i ein annan. Innlånte namn frå andre kulturområde enn det norske har ofte vore svært populære i ein periode, så har populariteten kanskje minka, for så å auka att seinare. Namnemotane går i bølger som andre motar. Fram til religionsskiftet rådde stort sett nordiske namn som *Astrid, Gunnhild, Ragnhild, Åse, Bjørn, Gunnar, Ivar, Olav* og *Tor*, men med kristendomen tok namn som *Maria, Elisabet, Andreas, Tomas, Johannes* og *Filip* til arbeida seg inn på norsk grunn. I den mellomnorske tida vart etter kvart tyske og danske former av personnamna populære, t.d. *Kristine, Kristian, Fredrik* og *Kristoffer*. Og i moderne tid er særleg engelskspråklege namn vortne populære, ikkje minst grunna påverknaden frå massemedia som film og fjernsyn, og gjennom popkulturen, representert med namn som *Kate, Jane, Roger* og *Ronny*. Samstundes har nordiske namn fått ein renessanse.

Nordmennene har vore påverka av heimlege og framande namnemotar både i eldre og nyare tid. Gjennomslaget for dei kristne og dansk-tyske namna i seinmellomalderen var enorm. I vår tid har dei «nye» landskvinnene og landsmennene frå Vietnam, Balkan, Nord-Afrika, Iran, Irak og Pakistan teke med seg nytt namnetilfang, men enno veit vi for lite om korleis desse namna vil verka inn på den norske personnamnskikken (fersk innvandrarsjstatistikk finn ein på [www.ssb.no/innvbef](http://www.ssb.no/innvbef)). Kan henda vil ikkje gjennomslagskrafta deira vera like sterk som dei andre namna som er nemnde ovanfor, m.a. av di dei nye namna er for framande og av di namneberarane ikkje har den same statusen som t.d. danskane og tyskarane hadde frå seinmellomalderen og utover.

Med den nye personnamnlova er det opna opp for ei sterk liberalisering av personnamnbruken i Noreg. Noko av grunngjevinga skal vera at dei «nye» landsmennene våre lettare skal kunna nytta og føra vidare sine eigne namneskikkar i Noreg. Men det finst også dei som meiner at det er marknadskreftene, som dei regjerande politiske partia no prøver å tilpassa alle nivå og sektorar i samfunnet, som er den viktigaste årsaka til den sterke liberaliseringsprofilen i den nye lova.

I eit intervju med Ivar Utne i Bergens Tidende 2. mai i år ([www.bt.no/lokalt/bergen/article154847](http://www.bt.no/lokalt/bergen/article154847)) vart dei nye prinsippa for val av personnamn presenterte, og det vart særleg lagt vekt på at ein no står mykje friare i å

velja namn. Særleg åtgaum fekk den delen av intervjuet som fortalde at ein kunne nytta namn på stader og objekt som etternamn. Dette er eit stort brot med norsk personnamnskikk, og det spørst kor tente vi er med det. I praksis er det truleg få som vil velja slike personnamn, og prinsippet kan nok for einskilde vera viktigare enn bruken.

Den nye lova inneber ei dobbel liberalisering, for det fyrste ved at ein i mykje større grad kan nytta framande personnamnformer, og for det andre ved at ein kan ta namn på stader og objekt som etternamn meir eller mindre fritt. Desse prinsippa står i sterk kontrast til den hevdvunne praksisen i landet og kan koma til å svekkja den norske namnetradisjonen. Norsk namnelag ser det som positivt at ulike etniske grupper får betre høve til å føra vidare sine namnetradisjonar, men ser samstundes med uro på frisleppet av den norske namneskatten. Når den som kjem fyrst til fatet, utan vidare kan ta namn som *Bontelabo* (kjent område i Bergen sentrum) eller *Sverresborg* (kjent festning i Trondheim) synest liberaliseringa ha gått for langt. Og skal namnekombinasjonar som *Maud Angelica* tena som mønster for dagens nybakte foreldre, ser det mørkt ut for *Olav* og *Kari*.

Gunnstein Akselberg  
gunnstein.akselberg@hf.uib.no

## MAUD ANGELICA

Då Märtha Louise og Ari Behn proklamerte at dottera som kom til verda 29.4.2003 skulle heita Maud Angelica, stod media i kø for å høyra kva namnegranskarane meinte om det namnet. Mellom dei var det heller ikkje semje, men stort sett tykte ein at andrenamnet var litt søkt. Eit omsyn ved namnevalet som foreldra ikkje kunne koma utanom, var ei eller anna form for oppkalling. Det er eit hevdvunne prinsipp i Noreg, både i det breie laget av folket og hjå dei kongelege. Märtha Louise skal ikkje lenger ha prinsessetittel, men barnet hennar får status som potensiell tronarving. Sjølv om dette er reint teoretisk, burde namnevalet forplikta.

Det hadde vore mange tradisjonsrike namn å velja mellom, som dei nordiske *Astrid*, *Ragnhild*, *Åsa*, eller dei kristne *Margrete*, *Josefine*, *Sofie*. Etter oppkallingsskikken ville det vera mest nærliggjande å kalla opp fyrste jenta etter farmor, som i dette tilfellet er Marianne. Sidan ho er borgarleg, og over 18 000 kvinner heiter *Marianne*, kan det tenkjast at Märtha Louise og Ari ville sjå bort frå eit så vanleg namn. Det neste alternativet hadde

vore oppkalling etter mormor, dronning Sonja. Sjølv om ho har borgarleg opphav, representerer ho i kraft av tittelen sin eit kongeleg namn som må kunna gå i arv. Så dersom kronprinsparet får ei dotter, vil *Sonja* vera eit naturleg val – at *Sonja* er ei russisk minkeform av det ovannemnde *Sofie* (av gresk *sophía* 'visdom'), bør ikkje spela noka rolle. No stansa ikkje Märtha Louise og Ari ved besteforeldra. På morssida eit steg lenger attende finn me kronprinsesse Märtha, gift med seinare kong Olav 5. Det fulle namnet hennar var *Märtha Sofia Lovisa Dagmar Thyra*, og mellom desse kunne dei ha valt eit namn, men rimeleg nok ikkje *Märtha* sidan mor til det nyfødde barnet har dette namnet. *Sofia* eller *Sofie* kunne derimot ha vore eit godt val med tanke på det indirekte sambandet med *Sonja*. No gjekk dei heilt attende til tippoldemora, dronning Maud, gift med kong Haakon 7. Den fulle namnerekke hennar var *Maud Charlotte Mary Victoria*. Dermed vart oppkallingsprinsippet fylgt, om enn eit stykke ned i slekta. *Maud* (som òg er andrenamnet til prinsesse Astrid, syster til kong Harald) er opphavleg ei fransk form av det tyske *Mathilde*, samansett av *Ma(c)ht* 'styrke' og *hilt* 'kamp, strid'.

Det nordiske preget som er så karakteristisk for generasjonen til kong Harald, er ført vidare med *Haakon Magnus*, og skulle han få ein son, måtte fyrstenamnet verta *Olav* etter bestefaren. Når me no atter vender oss til *Maud Angelica* – som etter norske språkreglar burde skrivast *Måd Angelika* – ser me at andrenamnet har teke ei anna lei, nemleg bort frå oppkalling og endå meir bort frå norsk namnetradisjon. Foreldra har fortalt at dei kom på dette namnet under «pilgrimsferda» til Trondheim. *Angelica* kjem av latinsk *angelicus* 'som ein engel', ein eigenskap dei gjerne ville tilleggja barnet dei venta. Dersom det låg eit ynske bak namnet om at det skulle vera uvanleg, er det innfridd. Rett nok har 401 *Maud* som fyrste eller einaste namn, 260 har *Angelica* som fyrstenamn eller einaste namn, dessutan har 120 *Angelika* med *k*. Derimot er det ingen som etter Statistisk sentralbyrå har kombinasjonen *Maud Angelica*.

Med kongeleg blod i årene vil Maud Angelica sikkert ikkje ha noko problem med namnet sitt. Det ville ho heller ikkje hatt med eit tradisjonelt norsk namn. Med tanke på å halda oppe norsk namnebruk gjev dette namnevalet eit uheldig signal. No står det att å sjå om namna *Maud* og *Angelica* kvar for seg eller i kombinasjon får ein oppgang. I så fall er det ikkje noka vinning for norsk namneskikk.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@inl.uio.no

## NORSK NAMNELAG

## LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde landsmøte på Universitetet i Oslo 9. mai 2003 kl. 16.30 – 17.30, rett etter den 10. nasjonale konferansen i navnegransking. Følgende punkter stod på sakslista: 1. Godkjenning av sakslista. 2. Valg av møteleder og skriver. 3. Virksomheten i Norsk namnelag 1999–2002. 4. Tidsskriftet *Namn og Nemne*. 5. Meldingsbladet *Nytt om namn*. 6. Regnskap. 7. Valg av styre og redaksjonsmedlemmer.

Sakslista ble godkjent uten merknader. Margit Harsson ble valgt til møteleder og Anne Svanevik til skriver. Under punkt 3 sa Namnelagets styrer Gunnstein Akselberg at lagets viktigste oppgave er å utgi tidsskriftet *Namn og Nemne* og meldingsbladet *Nytt om namn*. Namnelaget har godt samarbeid med det navnefaglige miljøet i landet. Oslo-miljøet ble spesielt framhevet i så måte. Videre har laget kontakt med navnekonsulenttjenesten og Nordisk samarbeidskomité for navneforskning (NORNA), som arrangerer faglige konferanser, gir ut publikasjoner og for tida arbeider med etablering av eget nettsted.

Akselberg skriver leder i hvert nummer av *Nytt om namn*. Her har han i de siste numrene – bl.a. som en reaksjon på stor grad av liberalisme både i lov om stadnamn og lov om personnavn – slått et slag for norsk navnetradisjon og innsamlingsarbeid. På styremøtene i Namnelaget nevnes regelmessig at laget bør være mer synlig i det offentlige bildet. Imidlertid har alle styremedlemmene begrenset mulighet til å legge ned ytterligere innsats i lagsarbeidet. Lagsmedlemmene ble invitert til å komme med «lite ressurskrevende» forslag! Etter en påfølgende meningsutveksling, der det ble foreslått at laget bør arbeide for å få inn flere navn på offentlige kart, ha mer fokus på navn som kulturarv og som en del av kulturlandskapet, arbeide for å få trykket noen av de eldste hovedfagsoppgavene i navnegransking, samt vinkle seg inn mot tradering og utvikling av navnemassen, svarte Akselberg at lagets medlemsmasse må mobiliseres hvis aktiviteten skal økes. Noen mente også at Namnelaget nåværende nivå er passelig, at vi ikke bør gjøre mer enn vi gjør nå.

*Namn og Nemne* kommer med ett nummer i året og har i perioden vært redigert av Gunnstein Akselberg og Oddvar Nes. (Kristoffer Kruken ble valgt som redaktør på landsmøtet i 2000, men har ikke hatt kapasitet.) Tidsskriftets politikk er å ivareta lagsmedlemmenes faglige interesser. Redaktørene prøver å få en riktig balanse mellom det strengt vitenskapelige, f.eks. opposisjonsinnlegg fra doktordisputaser og doktorandens tilsvær, og

mer populært stoff. Hvis vi sammenlikner oss med andre tidsskrift, synes *Namn och bygd* å være for tungt. Vi bør heller ha et våkent øye på *Heimen*.

Manustilgangen til *Namn og Nemne* kunne gjerne vært bedre. Lagsmedlemmene oppfordres til å sende inn artikler.

For to-tre år siden sendte Forskningsrådet ut en generell henvendelse til alle tidsskrift som mottar støtte fra dem, om å vurdere å opprette en refereetjeneste. Forslaget ble bifalt av landsmøtet. I dagens system må tidsskrift ha en definert referansegruppe (editorial board) for at artikkelforfatterne skal få flest mulig publiseringspoeng. Styret arbeider videre med saken.

Redaktør Botolv Helleland er den store pådriveren for *Nytt om namn*, som kommer i juni og desember hvert år. Bladet er først og fremst en informerende/orienterende publikasjon, som knytter det norske navnemiljøet sammen. Styret har diskutert om de to tidsskriftene burde slås sammen, men er enige om å fortsette som før.

Regnskapene for de tre siste åra ble lagt fram. Bare den ene revisoren, Bjørn Eithun, hadde revidert dem. Den andre revisoren, Eskil Hanssen, er på langvarig forskningsreise. Landsmøtet godkjente regnskapene under forutsetning av at Hanssen også godkjenner dem. Bjørn Eithun ønsker nå å trekke seg som revisor (se nedenfor). Han var ikke til stede på landsmøtet, men fikk hederlig omtale for det store arbeidet han har gjort med revisjon i alle åra siden Namnelaget ble stiftet i 1984.

På spørsmål om hvorfor Namnelaget har tre konti (2 i Nordea og 1 i DnB) svarte Akselberg at man vel har ønsket å spre seg på to banker, og at det dessuten har vært tanke om å dele midlene på en høyrentekonto og en brukskonto. Det var tilslutning om å flytte 100 000 kr over til høyrentekonto og forhandle med banken om best mulige vilkår.

Laget har god økonomi. 183 789 kr er innestående på konto pr 1.1.2003. Vi har hele tida hatt som mål at vi skal ha økonomi til å trykke en årgang av *Namn og Nemne* selv om støtten fra Forskningsrådet skulle utebli. Nå har vi faktisk økonomi til å trykke to årganger. Forskningsrådet har ikke gitt signal om at de vil trekke støtten. Landsmøtet sluttet seg til et forslag om å gi styret fullmakt til å øke kontingenten i løpet av de tre åra mot neste landsmøte, hvis den økonomiske situasjonen for laget blir forverret.

Medlemstallet har gått ned fra 400 til 380 de siste åra. Styret vil jobbe for å få tallet opp på 400 igjen.

Siste post på programmet, valg av styre og redaksjonsmedlemmer, gav følgende utfall (etter forslag lagt fram av valgkomité Anne Svanevik): Styrer *Gunnstein Akselberg* (gjenvalg), varastyrer *Anne Svanevik* (gjenvalg), styremedlem *Peter Hallaråker* med varamedlem *Terje Larsen* (begge gjenvalg), styremedlem *Gudlaug Nedrelid* med varamedlem *Tor Erik*

*Jenstad* (begge gjenvalg), styremedlem *Inge Særheim* med varamedlem *Åse Wetås* (nye, erstatter *Kaisa Rautio Helander* med varamedlem *Kristin Bakken*). Redaksjon *Namn og Nemne*: *Gunnstein Akselberg* og *Kristoffer Kruken* (begge gjenvalg). Redaksjon *Nytt om namn*: *Botolv Helleland* (ansvarlig redaktør), *Gulbrand Alhaug*, *Peter Hallaråker* og *Gudmund Harildstad* (alle gjenvalg), redaksjonssekretær *Klaus Johan Myrvoll* (ny). Som revisorer ble *Eskil Hanssen* gjenvalgt, under forutsetning av at han sa seg villig. *Boye Wangensteen* ble valgt som ny revisor etter *Bjørn Eithun*.

Til slutt ble to personer, *Tom Schmidt* og *Kristin Bakken*, valgt til å underskrive protokollen fra møtet.

Anne Svanevik  
anne.svanevik@statkart.no

## NASJONAL KONFERANSE

### **DEN 10. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING** **Vellykka konferanse om *Gustav Indrebø og norsk stadnamngransking***

Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking, som vart halden 9. mai 2003 på Blindern, Universitetet i Oslo, hadde samla litt over 50 deltakarar. Ettersom det var den 10. konferansen i sitt slag – og dermed ein slags jubileumskonferanse, høvde det godt at ein av dei store i norsk namnegransking, *Gustav Indrebø*, stod i sentrum for interessa. Emnet for konferansen var såleis *Gustav Indrebø og norsk stadnamngransking*. Konferansen vart opna av styrar på Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, *Hans H. Skei*, som bl.a. gav uttrykk for at stadnamna er ein viktig del av kulturarven, og at namnegranskinga måtte få levelige kår i ei tid da marknadskreftene også har fått innpass på universiteta. Det sette ein ekstra spiss på arrangementet at det hadde lykkas å få dotter til *Gustav Indrebø*, *Inger Indrebø Eidissen*, til å fortelja om far sin i opningsfasen av konferansen. Deretter følgde det elleve foredrag om stadnamn, og dei fleste av desse var knytte til *Indrebø* og arbeidet hans med stadnamn. Fyrst ut var arkivsjef *Svavar Sigmundsson* frå Island. *Svavar*, som var spesialinvitert til konferansen, gjorde greie for administrative inndelingar på Island i eit historisk perspektiv. *Indrebø* hadde arbeidd med administrative inndelingar i eldre tid, og det høvde bra at det også kom eit norsk bidrag om dette emnet. Det gjorde *Gunnstein Akselberg* i ei utgreiing om administrative inndelingar på Voss sett i lys av *Indrebø*s studiar av den gamle fylkesskipnaden.



Kjell Venås har ført arven etter Indrebø vidare med gransking av norske innsjønamn. I sitt 75. år har han med imponerende energi fullført verket om innsjønamna i Telemark, og tidligare har han skrivi ei tilsvarande bok om innsjønamna i Hedmark. Emnet hans var naturleg nok *Norske innsjønamn*. Oddvar Nes er kjend som ein framifrå fagmann på tolking av eldre naturnamn, og i foredraget sitt tok han for seg Indrebø og gransking av naturnamn. Indrebø er også relevant i to doktorgradsprosjekt. I foredraget sitt tok Åse Wetås opp kausbøying av særnamn i eldre norsk, og i denne samanhengen trekte ho inn ein artikkel av Indrebø frå 1926, «Kasus obliquus i norske stadnamn». I det andre foredraget som tok utgangspunkt i eit doktorgradsprosjekt, gjorde Vidar Haslum greie for eit sentralt emne i stadnamngranskinga – motsetninga mellom ubestemt og bestemt form i stadnamn, t.d. *Sandvik* – *Sandvika*. Dette emnet såg han i lys av Indrebø og forskningstradisjonen.

At Indrebø var ein allsidig forskar, kom også til uttrykk ved at han interesserte seg for normering av namn i omsetjingar frå norrønt. Om dette emnet heldt Jan Ragnar Hagland eit interessant foredrag. Moderne datateknologi har ført til store framskritt på mange felt, også i namnegranskinga. På konferansen kom dette fram i to foredrag om namn på kart. Ole-Jørgen Johannessen greidde ut om namnekart frå Gustav Indrebøs tid og fram til i dag. I denne samanhengen gav han instruktive døme på korleis moderne datateknologi kan vera eit viktig hjelpemiddel for namnegranskinga ved utarbeiding av namnekart. Også Odd Vevle demonstrerte digital bruk av namnekart (med døme frå Osterøy). Vevle var forresten eit godt døme på at namnegranskinga er eit tverrfaglig emne i og med at den faglige bakgrunnen hans er botanikk og økologi.

Dei to siste foredraga gjaldt normering av stadnamn. Gustav Indrebø har spelt ei sentral rolle i norsk stadnamnormering, og Botolv Helleland tok for seg Indrebø som namnekonsulent frå 1923 til han døydde i 1942. Til slutt greidde Terje Larsen ut om lov om stadnamn og bruksnamn. Konferansen vart avslutta av ordstyraren Kristoffer Kruken, som retta ein spesiell takk til Botolv Helleland som heilt sidan den fyrste nasjonale namnekonferansen i 1981 har vori ein krumtapp ved desse arrangementa. Og etter konferansen opna Botolv heimen sin ved Bislett for alle namneinteresserte. I samsvar med fast tradisjon vart det også denne gongen servert rømme-graut. Vi hygde oss sosialt og faglig til seint på kveld.

Gulbrand Alhaug  
gulbrand.alhaug@hum.uit.no

## SAMARBEIDSNEMNDA

**MØTE OM NAMNEDATABASAR I SEPTEMBER**

Til hausten skipar Samarbeidsnemnda for namnegransking til ein dagskonferanse om samordning av maskinleselege namnesamlingar. Konferansen skal haldast på Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, onsdag 17. september 2003 i tilknytning til det årlege samrådsmøtet for Namnekonsulenttenesta og Statens kartverk.

I 1986 stod Samarbeidsnemnda for namnegransking for ein liknande konferanse i Kaupanger, der det var semje om at fagmiljøet skulle arbeida mot ein felles basestruktur som skulle gå under namnet *Norsk stadnamnbase* (sjå *Humanistiske data* nr. 3/1986). Framleis manglar det mykje på at samlingane kan kommunisera med kvarandre, og Samarbeidsnemnda vonar med dette nye initiativet å styrkja samarbeidet på datafronten. Sentrale aktørar vert dei namnefaglege institusjonane, Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, Registreringsentralen for historiske data og Statens kartverk.

Arbeidsutvalet  
Samarbeidsnemnda for namnegransking

## NAMNEKONSULENTTENESTA

**KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER**

Sidan 1993 har sekretæren for klagenemnda for stadnamnsaker publisert vedtaka i *Nytt om namn*, fyrste gongen i nr. 19 (1994) og seinare i annakvart nummer (nummer med oddetal). Nedanfor følgjer oversyn over dei sakene som klagenemnda har behandla ferdig i perioden desember 2002 til juni 2003.

	<b>Påklaga namneform, kommune, fylke</b>	<b>Namnetype</b>	<b>Ønsket åt klagaren</b>	<b>Vedtak i klagenemnda</b>
1	Jugle, Inderøy, NTr.	bruksnamn	Jule	Jugle
2	Bruåsen, Inderøy, NTr.	bruksnamn	Bruås	Bruåsen
3	Kjellåsen, Inderøy, NTr.	bruksnamn	Kjelåsen	Kjellåsen
4	Kjellvika, Inderøy, NTr.	bruksnamn	Kjelvik/Kjellvika	Kjellvika
5	Inderøya, Inderøy, NTr.	bruksnamn	Inderøy	Inderøya
6	Kvernavika, Hemne, STr.	bruksnamn	Kvernvik	Kvernavika

7	Snekkvika, Hemne, STr.	bruksnamn	Snekkvika	Snekkvika
8	Vinjan, Hemne, STr.	bruksnamn	Vinje	Vinjan
9	Hatlan, Vikna, NTr.	bruksnamn	Hatland	Hatlan
10	Borgon, Vikna, NTr.	bruksnamn	Borgan	Borgan
11	Borgona, Vikna, STr.	øynamn	Borgan	Borgan
12	Austberg, Vikna, NTr.	bruksnamn	Øst-Berg	Austberg
13	Tjønnsøya, Vikna, NTr.	bruksnamn	Kjønsoya	Tjønnsøya
14	Keiprød, Lavangen, Trs.	bruksnamn	Kjeiprød	Keiprød
15	Kjeiprød, Lavangen, Trs.	grendenamn	Keiprød	Keiprød
16	Keiprødplassen, Trs.	bruksnamn	Kjeiprødplassen	Keiprødplassen
17	Fulvika, Nærøy, STr.	bruksnamn	Fuglvika	Fuglvika
18	Bustneslia, Rana, No.	bruksnamn	Bustnesli	Bustneslia
19	Tapperskardet, Rana, No.	bruksnamn	Tapperskar	Tapperskardet
20	Utlandet, Rana, No.	bruksnamn	Utland	Utlandet
21	Litl-Alteren, Rana, No.	bruksnamn	Lillealteren	Litl-Alteren
22	Salthåmmår, Levanger, NTr.	bruksnamn	Salthammer	Salthammar
23	Russgården, Levanger, NTr.	bruksnamn	Rustgården	Russgården
24	Re, Levanger, NTr.	bruksnamn	Ree	Re
25	Litlenget, Levanger, NTr.	bruksnamn	Lilleeng	Litlenget
26	Gjemle, Levanger, NTr.	bruksnamn	Gjemle	Gjemle
27	Munkby, Levanger, NTr.	bruksnamn	Munkeby	Munkby
28	Nossan, Levanger, NTr.	bruksnamn	Nossum	Nossum
29	Austre Storbør, Levanger, NTr.	bruksnamn	Storborg østre	Austre Storbør
30	Nammeleddet <i>bjørn</i> , Rindal, MøRo. (5 namn)	naturnamn	bjønn	bjørn
31	Nammeleddet <i>slætte</i> , Rindal, MøRo. (6 namn)	naturnamn	slette	slætte
32	Nammeleddet <i>ur</i> , Rindal, MøRo.	naturnamn	or	ur
33	Nammeleddet <i>kvern</i> , Rindal, MøRo.	naturnamn	kvenn	kvern
34	Renndalen, Balestrand, SoFj.	bruksnamn	Rendedal	Renndalen
35	Eiki, Balestrand, SoFj.	bruksnamn	Eiken	Eiki
36	Ulvastad, Balestrand, SoFj.	bruksnamn	Ulvestad	Ulvastad
37	Langateig, Balestrand, SoFj.	bruksnamn	Langeteig	Langateig
38	Sværafjorden, Balestrand, SoFj.	naturnamn	Sværefjorden	Sværafjorden
39	Skadelvi, Balestrand, SoFj.	naturnamn	Skaelvi	Skaelvi
40	Lægdaskreda, Balestrand, SoFj.	naturnamn	Leigdaskreda	Lægdaskreda
41	Øygaard, Lærdal, SoFj.	bruksnamn	Ødegård	Øygaard
42	Nedre Ljøsne, Lærdal, SoFj.	bruksnamn	Nedre Lysne	Nedre Ljøsne
43	Midt-Ljøsne, Lærdal, SoFj.	bruksnamn	Midtre Lysne	Midt-Ljøsne
44	Nedre Kvame, Lærdal, SoFj.	bruksnamn	Nedre Kvamme	Nedre Kvame

**Nokre opplysningar til oversynet:****Klagar**

Sak 14 og 15 *Keiprød/Kjeiprød*, Lavangen kommune, Troms, galdt eit namn som både er bruksnamn med Kartverket som vedtaksorgan, og grendenamn med kommunen som vedtaksorgan. Vedtaket til Kartverket var *Keiprød*, som kommunen påklaga, medan vedtaket til kommunen var *Kjeiprød*, som Kartverket påklaga. Vidare har eigarar åleine klaga i 20 saker. I 8 saker har eigarar og kommune klaga, medan eigarar, kommune og lokal organisasjon har klaga i éi sak. Lokal organisasjon og kommune har klaga i 4 saker, og ein kommune åleine i 9 saker.

**Vedtaksorgan**

Statens kartverk har vore vedtaksorgan i alle sakene unnateke grendenamn-funksjonen i sak 15.

**Medhald/ikkje medhald**

Klagar har fått medhald i 6 saker (sakene 10, 11, 15, 17, 28 og 39). Nemnda gjorde nytt vedtak i ei sak (sak 22). Alle vedtaka har vore samrøystes.

Terje Larsen  
terje.larsen@inl.uio.no

**NYTT FRÅ NAMNEKONSULENTTENESTA**

Det årlege samrådsmøtet for namnekonsulentane blir i år halde på Solstrand Hotell ved Bergen 18.–19. september. I år ser det ut til at det igjen blir fellesmøte med dei namneansvarlege på fylkeskartkontora ein av dagane.

Irene Andreassen har no fått fast stilling (50 %) som namnekonsulent for kvenske (finske) stadnamn i Nord-Noreg. Ho har arbeidsstad ved Høgskolen i Alta.

Terje Larsen

## NETTSTED FOR NAVNEKONSULENTTJENESTEN

Til høsten lanserer Statens navnekonsulenter endelig et eget nettsted! Her vil en kunne finne informasjon om blant annet stedsnavn, lov om stadnamn, saksgangen i navnesaker, litt om innsamling av navn og kontaktinformasjon. En vil også finne informasjon om de ulike navnekonsulenttjenestene, lenker til andre relevante sider og litteraturtips. Dette blir et felles nettsted for de seks navnekonsulenttjenestene i Norge, og en vil dermed finne både de fire norske navnekonsulenttjenestene (i Nord-Norge, Midt-Norge, Vestlandet og på Østlandet) og samisk og kvensk navnekonsulenttjeneste representert på sidene. Nettsidene er nå under utarbeidelse og vil være å finne på adressene [www.stadnamn.org](http://www.stadnamn.org) og [www.stedsnavn.org](http://www.stedsnavn.org) i løpet av høsten 2003. Informasjonen på sidene vil i første rekke være rettet mot dem som jobber med og er engasjert i navnesaker: Kommuner, frivillige organisasjoner, journalister og enkeltpersoner. Men alle som bryr seg om stedsnavn (som burde være de fleste) vil ha nytte av nettstedet. Nynorsk og bokmål vil bli brukt vekselvis på nettsidene. Nærmere informasjon om nettstedet kommer etter hvert.

Astrid Sann Evensen  
astrid.sann.evensen@hum.uit.no

## NAMNEKONSULENTANE – EIT SUKK FRÅ FOLKEDJUPET

Dersom lokalavisene er barometer på kva folk meiner om eitt og hitt, ligg namnekonsulentane tynt til. *Firda*, som kjem ut på Sandane, har i utgåva for 19. mai 2003 klipt dette sukket frå *Fjordingen*, som kjem ut i Stryn:

«Namnekonsulentane til Staten er noko av den største plaga vi har fått tredd nedover hovudet dei siste åra.»

Dei treng ei hard hud dei som namnekonsulentar skal vera og sjå til at stadnamnlova vert forvalta på rett måte.

## NORMERING OG BRUK AV NAMN

### NÅR NAVN KOMMER PÅ «AVVEGER»

I *Nytt om namn* nr. 34 er det referert fra et samrådsmøte i Navnekonsulenttjenesten der det blant annet ble samtalt om framlegget til ny paragraf om navnevern i lov om stadnamn. Botolv Helleland snakket der om «at stadnamna skal takast vare på som kulturminne» (formulering fra merknadene til lov om stadnamn). Det innebærer også å bruke navna i samsvar med tradisjonen, og en av de presiseringer Helleland ifølge referatet (s. 5) foreslo til dette, var å hindre at navn kom på «avveger».

Jeg vil si litt om dette at navn kommer på «avveger», altså ikke blir brukt i samsvar med tradisjonen. Det er ikke noe nytt, og referatet fra samrådsmøtet nevner da også tidligere navneekspansjon med både kommune- og fylkesnavn som eksempler. Likevel er det nå slik at «me likar det ikkje» når det tukles med navn vi har et forhold til, og noen av oss kaller det navnevandalisme når for eksempel kjente stedsnavn smøres utover større områder av folk som enten ikke er lokalkjente, eller som «må ha» et fellesnavn på et område som ikke har noe fellesnavn fra før.

Det siste året har jeg hisset meg opp over slik navnevandalisme når det gjelder stedsnavn i den delen av Norge som Den Norske Turistforening (DNT) og Trondhjems Turistforening (TT) ynder å kalle «Sylane», og som folk med mer geografisk gangsyn blant annet kan omtale som Selbu og Tydal(en). I tillegg til at turistforeningene plasserer alle interessante fotturistmål i de to nevnte kommunene i «Sylane» i alle sine publikasjoner, drar forfattere med tilknytning til DNT med seg turistforeningsspråket inn i praktbøker om norsk natur på anerkjente forlag som enten ikke vet bedre eller som gir blanke. Jeg har korrespondert med både TT og Gyldendal Fakta forlag om den utidige og til dels svært misvisende navnebruken deres, men får stort sett økseskaft-svar på protestene mine.

Jeg skal gi noen eksempler på det jeg protesterer på. Vi kan starte med TT og «Sylane», eller dialektformen «Sylan» som de også bruker på trykk. En ting er at de sjøl synes de «må ha» et fellesnavn på hvert av turområdene sine, som en slags overskrift for hvert avsnitt i turforslagshefter etc., og at de sjøl har valgt Sylan/Sylane som en lettvin og plassbesparende «merkelapp» for det området som grovt sett omfatter kommunene Selbu og Tydal. Det er etter min mening kritikkverdig i seg sjøl, siden Sylane er grensefjella i Tydal(en) mot Sverige og altså ligger helt i utkanten av det aktuelle området. Verre er det å late som om det er normal språkbruk de bedriver, og å dekke seg bak påstander om navnebruken til «fjellfolk» og «fotturister»,

som de gjør i årboka for 2000/2001. Der påstår de freidig nok at «når fjellfolk snakker om Sylan mener de egentlig noe mer og enda større. For fotturisten er det blitt betegnelsen på et fjellområde som på norsk side strekker seg fra Røros i sør til Meråker i nord og omlag tre mil vestover i landet...» (s. 96). Jeg tillater meg å tvile på at fotturister og fjellfolk med et minimum av geografiske kunnskaper sier de er i «Sylane» når de befinner seg for eksempel i Skarvan eller på Fongen (andre fjellmassiv i området). Det må bare gjelde for dem som i all vesentlighet henter kunnskapene sine fra publikasjonene fra TT. Og dem ser det dessverre ut til å bli en del av etter hvert. Pålitelige kilder i Selbu påstår å ha overhørt følgende replikk fra noen ungdommer på påskeskitur i år, godt innenfor kommunens grenser: «Kan vi si vi har vært på tur i Sylane nå?» Og i lokalavisen *Selbyggen* skrev hytteverten på ei TT-hytte i Selbu kommune rapport fra påsken 2002 om besøket på hytta «i Roltdalen i Sylane». I høst har samme lokalavis brakt oversikt over sommersesongen på TT-hyttene i «Sylane», og uten å blunke inkludert hytter i Selbu (jeg har dessverre ikke nøyaktige referanser her). Selv lokalaviser som burde vite bedre, sluker altså ukritisk det som kommer fra TT om deres eget nærmiljø.

Det ser heller ikke ut til at TT forsøker å rette opp feil når geografisk ukyndige turgåere skriver om turopplevelsene sine i årbøkene deres. I årboka for 1999 er det noen ungdommer fra byen som forteller entusiastisk om to fotturer de har vært på, og som de mener har foregått i «Tydalsfjella». Ut fra rutene de gjør greie for, har de på den første turen ikke satt sine bein i Tydal kommune, på den andre har de så vidt vært innom kommunen. Ellers har de gått i Selbu og så vidt over grensa til Nord-Trøndelag fylke. TT går altså god for navnebruken «Tydalsfjella» på det samme området som de ellers kaller «Sylane». Hvis ikke, burde jo redaksjonen i årboka ha gitt ungdommene noen diskrete råd om retting av manus før trykking. Så kunne de ha lært litt geografi også.

Dette er ikke bare surt pirk. Stedsnavn er heller ikke bare kulturminner, de er i tillegg praktiske og nødvendige hjelpemidler i det daglige når vi orienterer oss i omverdenen eller kommuniserer med andre folk om hvor noe er, hvor en har vært, hvor en skal møtes, hvor noe har skjedd, eller hva det nå er som skal plasseres i terrenget slik at begge parter vet hva det snakkes om. Jeg forestiller meg lett en situasjon der det skjer en ulykke i fjellet, og det blir spørsmål om hvor eventuelle helikopter eller letemannskaper skal dirigeres. Hvor er i så fall «Sylane» eller «Tydalsfjella»? Nær svenskegrensa eller kanskje nede i retning Selbusjøen – det er mange mil i forskjell, det!

«Tydalsfjella» om fjellområdene i Selbu er ikke bare en glipp (?) i ei årbok for TT. En redaktør i DNT står som medforfatter i trebindsverket *FjellNorge* som ble utgitt av Gyldendal Fakta forlag i samarbeid med DNT i 2001. Statens kartverk har levert kartene, og forlaget har en merknad (bind 3, s. 4) om at korrekt navnebruk er en utfordring når en skriver om fjellet, og at navnebruken i verket stort sett følger Statens kartverk, men at når Kartverket av og til avviker fra «lokal navnebruk» og fra «det vi opplever som naturlig», velges andre løsninger.

Jeg har bare studert bind 3 av *FjellNorge*, der området «Sylane» behandles. I innledningen (s. 74) presenteres området slik: «Sylane er egentlig bare et mindre, men iøynefallende fjellparti, plassert midt på grensen. I dette kapitlet skal vi også ta med Skardørsfjellene og Vigelfjellet, som dannet overgangen til Femundsmarka lenger sør. Nord- og vestover ligger Tydalsfjellene, med naturlige grenser mot Tydalen og Stjørdalen.» De to første setningene lovet for så vidt godt, men den tredje er til å stusse over. Det høres merkelig ut at «Tydalsfjellene» skal ha «naturlige grenser mot Tydalen» og dessuten ligge nord og vest for Sylane. For det første ville jeg ikke regne Sylane som et nabo-område til Tydalsfjella, men som en viktig («iøynefallende»!) del av Tydalsfjella, siden Sylane ligger i Tydal(en). Men ifølge boka ligger altså Tydalsfjella utenfor Tydalen? Forklaringen kommer på kartet s. 83, der «Tydalen» kun står som dalførenavn på det dalføret Nea renner gjennom, med navnet plassert mellom grendenavnet *Flora* (i Selbu kommune) og symbolet for og navnet på Gresslihytta (et lite stykke inn på Tydal-sida av kommunegrensa mot Selbu). (I parentes bemerket kalles hytta «Græslihytta» i teksten s. 82.) Kommunegrenser og -navn er fullstendig fraværende på kartet (og i teksten), men navnet «Tydal» (i ubestemt form) figurerer på kartet rett ved siden av «Ås», som er kommunesenteret i Tydal kommune. «Tydalsfjellene» står ikke på kartet, men ser ut til å være forfatterens eget navn på hele fjellområdet nord for det dalføret de mener heter «Tydalen».

Da jeg i brev til forlaget protesterte på bruken av «Tydalen» som navn på Neas dalføre, og det langt nedover i Selbu kommune, både på kartet og i teksten, fikk jeg det overraskende svaret fra forfatterne at de ikke kunne se at den nedre delen av dette dalføret hadde noe offisielt navn, og at de derfor fant det «riktig» å utvide området for det navnet som skal være registrert for den øvre delen, og kalle hele dalføret med dette navnet. At elva som renner gjennom denne «Tydalen», heter *Nea* og ikke *Tya*, ser ikke ut til å ha streift forfatterne som noe problem. Heller ikke at de bedriver høyst privat navneekspansjon av et etablert område- og kommunenavn inn over en annen kommunes territorium.



Det påstås videre i brevet at «Tydal» er registrert som både kommune-  
 navn og navn på dalføret (vel øvre del, da). Det har ikke jeg greidd å finne i  
 navnebasen til Kartverket, som på det tidspunktet jeg sjekket, hadde to treff  
 på navnet, som kommune og som kirke. Kartverket hadde den gangen ikke  
 noe navn på hele dalføret ifølge undersøkelser jeg gjorde. Men jeg hadde  
 gjort forfatterne og Gyldendal oppmerksom på at det lokale navnet på dal-  
 føret i vid forstand var *Neadalen*, dersom en skulle trenge noe slikt. Svaret  
 var at de ikke kunne innføre uregistrerte, lokale navn i et så stort bokverk.  
 En kan så bare spekulere på hva merknaden angående navnebruk, også  
 «lokal navnebruk», forrest i boka skal bety.

Jeg har seinere opplyst dem om at andre oslobaserte forlag og forfattere  
 for mange tiår siden hadde greidd å finne fram til dette navnet, idet Cappe-  
 lens store firebindsverk *Norge* fra 1963 bruker «Neavassdraget» og «Nea-  
 dalen» i teksten om Selbu og Tydalen, og «Neadalen» på kartet i kartbindet.  
 Seinere har flere av Cappelens bilkart dette navnet, seinest *Stor kartbok* fra  
 2000–2002 (Cappelens kart 14). Så det med «uregistrert», lokalt navn kan  
 jo diskuteres. Til og med Aschehoug og Gyldendals store ettbinds leksikon  
 (2001) bruker navn som «Neadalføret» og «Neavassdraget», riktignok ikke  
 som egne oppslag, men under oppslagsordene «Selbu» og «Tydal». Det fins  
 ikke noe dalføre ved navn «Tydalen» der. Navnet *Tydal* betegner kom-  
 munen, står det i leksikonet. Ikke noe av dette har jeg fått respons på fra  
 forlaget. Derimot har min gode korridorkamerat på NTNU på Dragvoll,  
 sekretær i Statens navnekonsulenttjeneste Tor Erik Jenstad, nå sørget for at  
*Neadalen* er kommet inn i navnebasen til Kartverket, slik at dalføret endelig  
 også har et «offisielt» og skikkelig registrert navn.

Apropos Statens kartverk, så kan en spekulere på hvem som egentlig er  
 ansvarlig for navnebruken på kartet over «Sylane» (s. 83 i *FjellNorge* 3),  
 som forlaget uttrykkelig sier kommer fra Kartverket. Men en kan jo ha sine  
 mistanker etter å ha korrespondert med forlaget. Der er tre direkte feilaktige  
 navn på kartet («Blåhammartunet» for *Blåhammarstugan*, «Skardølsfjella»  
 for *Skarddørsfjella* eller *Skardsfjella*, «Vektarhaugen» for *Væktarstua*). I  
 tillegg er det manglende samsvar mellom en del navn på kartet og navn i  
 teksten når det gjelder skrivemåte. Ett tilfelle er *Esandsjøen*, som står rett på  
 kartet, men som staves «Essandsjøen» i teksten. I det første brevet til for-  
 laget nevnte jeg dette som et eksempel på manglende samsvar, og jeg presi-  
 serte at det var kartet som var rett, at *Esand-* ble offisiell navneform en gang  
 midt på 1990-tallet. I svaret fra forlag/forfattere står det «økseskaft», dvs.  
 det påstås først at det står «Essandsjøen» på kartet s. 83, og deretter be-  
 klages det at «vi» ennå ikke «vet» hva navneekspertene vil bli enige om når  
 det gjelder dette navnet.

Det eksisterer som sagt ikke noen kommunenavn og kommunegrenser i den delen av verket som jeg har undersøkt. Det er heller ikke noe krav at en skal trekke inn slike ting i et praktverk om den norske fjellverdenen. Men når geografien og stedsnavna går slik i ball som her, kan det kanskje for en stor del skyldes denne manglende interessen for administrative grenser. Administrative grenser er lette å forholde seg til, for dem kan en finne på kart (og da mener jeg kart av bedre kvalitet enn i *FjellNorge*). Det er verre med lokale områdenavn, som også finnes på kart, men som det skal kunnskaper til for å avgrense og vurdere plasseringen av.

En kan spørre seg om vitsen med å produsere praktverk, med god layout og utrolig flotte fargebilder fra den norske fjellheimen, og så legge så lite arbeid og omtanke ned i teksten, især stedsnavnmaterialet (det som er omtalt her, er bare et utvalg av det jeg mener er feil og mangler, og jeg har som nevnt studert bare ett kapittel i ett av tre bind). Det er jo navna som gjør at vi lett kan snakke om landskapet vårt. Det ligger verken respekt for navn som kulturminner eller forståelse for hvor viktig det er med presis og innarbeidet navnebruk, bak produksjonen av denne lettbeinte «turistlitteraturen», enten den kommer fra turistforeningene direkte, eller den går vegen om såkalt anerkjente forlag og havner mellom stive permer. Jeg blir særlig provosert av den nonchalante kunnskapsløysa hos folk som proklamerer at «korrekt navnebruk er en utfordring når en skriver om fjellet», og som så tror at det de «opplever som naturlig», også er riktig, uten å bry seg med å undersøke nærmere. Og når de blir «tilsnakket», vet de neimen ikke hva de selv har skrevet og fått på trykk heller.

Karin Fjellhammer Seim  
karin.seim@hf.ntnu.no

## ETTERNAVN OG MELLOMNAVN MED FAMILIETRADISJON

### 1 Innledning

Av § 4 i den nye personnavnloven går det fram at

følgende navn [kan] tas som etternavn:

1. navn som er eller har vært en av tippoldeforeldrenes, oldeforeldrenes, besteforeldrenes eller foreldrenes etternavn eller mellomnavn. [...]

I § 9 om mellomnavn står det:

Navn som kan tas som etternavn, kan tas som mellomnavn.

I praksis vil det si at bl.a. mellomnavn til tippoldeforeldre kan brukes som etternavn, og motsatt kan deres etternavn bli brukt som mellomnavn. Navna kan bli brukt både for nyfødte og for voksne. Bestemmelsen gjelder beskytta etternavn, dvs. navn med 200 eller færre bærere.

Den viktigste grunnen til at regelen om navn helt fra tippoldeforeldra har blitt innført, er hensynet til samer og kvener (finner). I en del tilfeller har deres forfedre og -mødre gått over til norskspråklige navn på grunn av fornorskingspolitikken (Ot.prp. nr. 31 (2001–2002), pkt. 8.3.2). Blant innvandrerbefolkninga fins det liknende tilfeller med navneendringer i hjemlandet. Regelen imøtekommer også ønsker fra folk flest om å hente fram enten mellom- eller etternavn fra tidligere slektsledd.

En viktig grunn til at regelen kombinerer mellom- og etternavn, er at en på den måten kan oppfylle ønsker om å ta i bruk gamle mellom- eller etternavn som mellomnavn. Dessuten ble loven enklere med en felles regel for begge navnetypene.

Framstillinga nedenfor blir illustrert med eksempler fra tippoldeforeldre-generasjonen som fins i tabell 1 (s. 23). Det er tenkte tilfeller fra det søndre kystområdet i tidligere Onsøy kommune, nå del av Fredrikstad kommune.

Da reglene ikke er prøvd ut i praksis og alle mulige løsninger ikke er beskrevet av Justisdepartementet (JD) til nå, kan avgjørelser bli annerledes enn beskrevet i denne artikkelen. Flere opplysninger om reglene fins i Ot.prp. nr. 31 (2001–2002). Hovedpunktene i loven, sammen med noen kommentarer, er gjengitt i forrige nummer av *Nytt om namn* (Utne 2002c).

## 2 Etternavn

### 2.1 Tidligere bruk av etternavn

Med den første navneloven som kom i 1923, skulle folk få ett fast etternavn. Det var knytta til familien og ble kalt «slektsnavn». (Etternavns-skikker er omtalt i Utne 2001a og Utne 2002b.)

Før 1923 var det utbredt at mange brukte flere forskjellige etternavn, og det tok ikke helt slutt med en gang etter 1923. Det ble veksla mellom ekte patronym, som vil si farens fornavn med f.eks. *sen*-ending, og farens patronym, som vil si farfarens fornavn med ending. Det siste blir kalt sekundærpatronym og ville gjerne i praksis si faste etternavn for familien.

Dessuten brukte mange et etternavn som var likt navnet på gårdsbruket der de bodde, og de kunne bytte slike navn når de flytta omkring. Eksempler fins i tabell 1. Når folk flytta ut fra bygda, kunne de kanskje gå over til

et navn etter storgården som bruket hørte under, eller til navn på området, grenda eller øya. Øya *Hanke* og *Hankø* er eksempel i tabell 1.

Garden Haukabøen vest for Molde (NG 13, s. 304 og 310) låg øyde kring 1430 då Aslak Bolts jordebok vart laga. Der finn ein *af Haukaam* (AB, utg. 1997 ved Jon Gunnar Jørgensen, s. 129), og dette er utan tvil det som vart *Haukabøen*. Det ser ut som det gamle namnet har vore *Hauká*. Dei høyrde nok at elva som fossar nedover, hauka. Karl Rygh (*Norske Elvenavnne*, s. 95) reknar med andre uttydingar med tilknytning til fuglenemnet *hawk* òg.

Litt lenger vest må ein rekne med at Julbøen, som ikkje er nemnd i skriftlege kjelder før i 1632, har hatt lang øydetid. Då Karl Rygh i 1910 var på synfaring på Julbøen, registrerte han seks gravhaugar. Han fann òg ein liten heller der det hadde budd folk. *Norsk stadnamnleksikon* hevdar (etter Oluf Rygh) at førsteleddet i *Julsundet* er minne om eit gammalt namn på sundet mellom Otrøya og fastlandet. Men ein kan kanskje ikkje sjå heilt

vekk frå at sundet har namn etter garden som kan ha heitt \**Jul*. I Malme-fjorden i Fræna kommune ligg ein gard med namnet *Julset*. *Julskardet* og *Julskardtinden* er namn på stader i fjellet aust for garden. Det som gjer at ein kan tvile på at sundet har gjeve namn på garden, er at det berre er i nærleiken av garden ein har dei andre namna *Julholmen*, *Julneset* og *Julaksla*. Julholmen heng i dag i hop med neset garden Julbøen ligg på. På blad 1220 II Vestnes i M 1:50 000 (utgåve frå 1992) er *Julaksla* på feil stad. Ho står som namn på toppen av fjellet aust for Julsundet. Men Ivar Gauset (f. 1910) frå grannegarden Gauset er sikker på at der namnet no står, heiter det *Rishaltheia* 556 moh. Ei aksel er aldri høgaste toppen på eit fjell. Gauset fortel at det var byfolket på Molde som tok til å kalle toppen for *Julaksla*. Det var toppen dei såg frå byen. *Julaksla* er fjellaksla ikkje langt frå garden i søraust. Ein finn ikkje *jul*-namn på andre sida av sundet. Kristian Opstad skriv i *Bygdeboka* I, s. 99: «Alle desse namna som tok til med *jul*, kjem helst av *Julholmen*, som har fått namn etter skapet (hjul).» For namn på *Julbør* ein elles rekne med andre tolkingsalternativ. Plantenemnet *jul/jol* (*kvannjol*) er nytta i ein god del stadnamn, i yngre namn høgtida òg.

*Sundsboen* på Otrøya er eit anna parallelt døme. Garden er gammal, og her har dei funne øksar, knivar og pil- og spjutoddar. Garden kan ha heitt *Sund* før øydetida. Sund er det både mot nord og aust (NG 13, s. 305). Sjå elles NG (13, s. 431 og 442) om *Sundsboen* i Aure på Nordmøre.

Når ein ser at *Åsboen* i Halså har skriftforma *i Ase* om lag 1303, må ein rekne med at *Åsboen* i Surnadal kommune også først av heitte *Ås* (NG 13, s. 450 og 403, jf. òg diskusjonen til Tom Schmidt i *Norske gårdsnavn på -by og -bø med personnavnforledd*, Oslo 2000, s. 483 ff.). Merkeleg er det om ikkje einkvan av dei tre gardane på Sunnmøre som heiter *Strandabøen* har heitt *Strand* føre ei øydetid.

Ola Stemshaug skriv i *Namn i Noreg* at somme øydegardar på Sørvestlandet har fått fest *-boen* til det gamle gardsnamnet etter svartedauden. Han viser til J. Litleskare som i 1925 hevda at desse gardane vart nytta som slåtte- eller beiteland av ein grannegard. Per Hovda skriv i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder*, b. 2, s. 388: «Mange av *bø*-namna på Vestlandet som i nyare tid har fått tillagt *-boen* til det gamle gardsnamnet, synest vera tilkomne på den måten at garden har vore øyde etter Manna-dauden ei tid og jorda så vore brukt som «*bø*» eller eng under annan gard. *Vikabø* i Herdla (Hord.) opphavleg *Vik*.»

Etter det som er skrive lenger fram her, ser ein at det ikkje berre er lengst sør på Vestlandet det har vore slik, men òg nordover til og med Nordmøre. Det ser ut som den sekundære tydinga av *bø* iallfall går attende til tida etter



svartedauden då folkelause gardar vart slegne eller beitte av dei som levde att på grannegardar.

Den svenske granskaren Lars Hellberg har hevda at ei slags engmark er det opphavlege innhaldet, og ikkje gard (sjå oversyn i det nemnde arbeidet til Schmidt s. 53 ff.). Er det slik, måtte ein tenkje seg at t.d. Bø i Innfjorden frå først av var eng/beite under grannegarden Vik. Begge gardane ligg sentralt i bygda nede ved sjøen. Ser ein det slik, har ikkje *bø* skift innhald fram gjennom tidene.

Kåre Magne Holsbøvåg  
6453 Kleive

### NOE OM NAVNESKIKK I NORDLAND

Nedenfor tar vi med et utdrag fra boka *Fra en nordlandsk prestegaard. Oplevelser og skisser* av Olaf Holm (1845–1933). Overskrifta er satt til av redaksjonen. I *Skilling-Magasin* nr. 27/1881 har Holm ellers skrevet artikkelen «Om brugen af navne blandt den nordlandske almue». Noe av innholdet der går igjen i utdraget som kommer her.

\* \* \*

Ved indskrivningen af kirkelige forretninger, kanske særlig dåbsforretninger kan der på en præsts kontor forefalde ret pudsige ting, selvsagt ikke mindst en i så afsidesliggende bygd som Tysfjord.

En lørdag aften, jeg sad på mit kontor og fordybet mig i prækenen til den næste dag, kom der ind en tyk, liden pusling.

Han skulde have skrevet ind en barnedåb.

«Hvad skal barnet hede?» spurgte jeg.

«Ho vil, en ska' heit' Kontra», sa manden.

«Kontra», sa jeg med mig selv og havde nær revet af mig en latinsk vits i den anledning. Det lod jeg dog af gode grunde være. Men jeg spurgte dog: «Er din kone med her?»

«Ho stænd utafør», sa manden.

«Bed hende komme ind».

Han ruslet hen til døren, kaldte på hende, og hun kom ind.

«Nu mor», sa jeg, «hvad skal gutten hede?»

«Me tænkte på Kontra», sa hun rolig.

«Er der nogen, du særlig tænker på, siden du vil gutten skal ha det navn?»

«Eg tænk mest på en Kontra i Bokta».

«Har du kanske tjent der?» vedblev jeg.

«Ja, eg tente der i fem år».

«Kaldte man så handelsmanden i Bokta for Kontra?»

«Ja, eg hørte aldrig annat end Kontra».

«Jeg tænker, det har været Konrad, jeg, mor», bemærket jeg, «og du skulde vel ikke ha noget imod at vi skriver ham ind som Konrad».

«Eg hørte aldrig annat end Kontra», sa hun lidt bestemt, «men hvis presten vil, så» – –

Og dermed gik det.

Forresten må jeg her bemærke noget om de mange, mange, rare, tildels sjældne navne, man træffer endnu den dag idag på disse kanter. Inde i fjordhullerne, ude ved skjærene, opefter fjeldsprækkerne vrimler der af navne tildels af gammel, kulturel klang. Det er, somom de repræsenterer svundne tiders kulturbølger, som har skyllet henover disse egne, og nu ligger disse navne igjen og driver som rester på den overfladen, og fortæller, hvorledes den ene kulturbølge ligesom har afløst den anden. Navne fra vikingetiden ved jeg neppe jeg har truffet på – udenfor dem man træffer overalt i landet – men desto flere fra dansketiden, den tid, da embedsstand og det faderlige regimente der oppe var alt og norskhedsfølelsen eller selvstændighedsbevidstheden ingen ting.

(...)

Men embedsmændene var imidlertid det store dengang, og at bære en embedsmands eller hans frues navn var omtrent som for andre i tidligere tider at søge kongelig tilladelse til at bære hans majestæts navn.

Så *tog* man dem i al stilhed, kanske først børnenes, så fars eller mors, ofte af forfængelighed, nu og da kanske også af kjærlighed. På den måde kan man forklare sig, at der ude ved fiskeværerne en vinterdag vrimler af Angell'er, Jentoft'er, Leth'er, Sverdrup'er, etc. etc. Gjerne allesammen som fornavn og uden at vedkommende er det mindste i slægt med angjældende familie. En kollega dernord fortalte mig engang, at præster ofte havde havt det største besvær med på Kirkedepartementets opfordring at skaffe rede på alle de Angell'er, der opover langs kysten meldte sig som ansøgere til delagtighed i de Angell'ske stiftelsers legater. De allerfleste var ikke i slægt med den bekjendte testator.

Her er en historie, som hændte mig på en skoleeksamen en høstkvæld ude i en af de mest afsidesliggende kroger af bygden.

«Nå, du Selmer!» sa læreren, «kan du si mig, kor mange øre er der i ei kron?»

Dette var i myntovergangens tid, så læreren måtte naturligvis gjøre, hvad han kunde, for at få indekserceret det nye system.

Dette var netop i rigsrettens tid, og hovedmanden i det ministerium, som sad på anklagebænken, hed, som bekjendt, Selmer.

Jeg kunde ikke bare mig for i tanken med en gang at være oppe i storpolitiken og havde den største nød med at holde mig fra at bryde ud i latter.

Nei, Selmer vidste ikke hvormange ører der var i en krone.

«End du da, Sverdrup?»

Nei, der var ingen råd med det – Sverdrup vidste heller ikke, hvormange ører der var i en krone.

Således kan man vistnok den dag idag resikere deroppe at få den ene norske stormand – tildels endog gamle kjendte danske – til efter hinanden at stå lys levende for en.

Af kvindenavne gik igjen i min menighed særlig to, Pernille og Perolina, især det sidste, der lader til at være en slags variation af det første eller en sammenstøbning af Per og Ola, for at mindes to kjendte på en gang. Dernæst Øllegård, Karen, Maren, Mette, alle bekjendte fra dansketiden og mindende om Holbergske karakterers spadseren op mod de polare egne.

I et gammelt dåbsregister, som jeg engang sad og keg i, stod der en døbt: Hålekin. Formentlig Harlekin, men en feiltagelse af de høiere kulturideer.

Blandt pigerne stod der en Ella Ola Dalila Holst, og så kunde man vist fortsætte i det uendelige.

At slige ting, og at en og anden også behager at skifte navn for hver bygd, han færdes i, afstedkommer den største forvirring, og at Kirke-departementet derfor netop, som dette skrives, har fundet det nødvendig at tage sig af disse sager både i og udenfor Nordland, synes meget naturlig.

*Olaf Holm: Fra en nordlandsk prestegaard. Oplevelser og skisser  
Kristiania 1923. Side 30–37.*

## BOKOMTALAR

**PERSON- OG STADNAMN I LOKALHISTORIA**

Å kallast med sitt rette namn. *Person- og stadnamn i lokalhistoria*. Redigert av Knut Sprauten. (Skrifter frå Norsk lokalhistorisk institutt 38.) Norsk lokalhistorisk institutt. Oslo 2002. 218 sider.

Boka inneheld foredrag frå eit lokalhistorisk seminar i Oslo 9.–11. november 2001. Temaet var valt etter oppmoding frå bygdebokforfattarar, og det innbyr til eit samspel mellom lokalhistorie og namnegransking som begge partar vil tene på. Mange har konstatert at kjeldeverdien av namn var meir påakta mellom historikarane før. Seminaret vil vonleg skjerpe sansen att. Eg nemner artiklane etter rekkjefølgja i boka.

Rapporten opnar med ei kyndig innleiing av redaktøren. Først ute av foredragshaldarane er Nina Børge-Ask, som frå juridisk synsstad kommenterer lov om skrivemåten av stadnamn (1991) andsynes by- og bygdebøker. Ho understrekar at forfattarane ikkje er bundne av lova, men ho rår til at ein for kjende namn følgjer offisiell skrivemåte. Terje Gudbrandson drøftar normalisering av personnamn i bygdebøker, med grunnlag i eige bokarbeid for Bodin. Gudbrandson vil skrive namna slik at «navnebærerne selv straks ville visst hvem det var snakk om» (s. 21). Det inneber eit klart munnleg preg. Gudbrandson illustrerer vinning og vanskar med dette prinsippet på ein overtydande måte.

Anne Svanevik tar opp Statens kartverk si rolle i namnearbeidet. Ho legg først ei historisk ramme, og viser så hovudtrekka i arbeidet i dag. Kartverket er no ein aktiv og på visse måtar førande part i normeringa, fordi instansen skal ta seg av alle namn som ikkje har eit spesifisert vedtaksorgan. Botolv Helleland går gjennom lover og reglar for normering av stadnamn i alle dei nordiske landa. Framstillinga er historisk forankra og gir mykje tankeføde om funksjon og kulturverdi i namn. Denne bolken blir avslutta med eit velskipa oversyn over offentleg normering av person- og stadnamn av Terje Larsen. Stadnamnlova står naturleg nok i sentrum. Både Svanevik og Larsen gir døme på saker som har aktualisert ulike – til dels konkurrerande – moment i lova.

Tom Schmidt skildrar bruken av førenamn gjennom tusen år, med vekt på namnetypar og kulturstraumar som har forma det tilfanget vi ser omkring oss i dag. Gudlaug Nedrelid viser framvoksteren av norske slektsnamn. Her er linene stuttare, men inventaret minst like rikt som i førenamna.

Under tittelen «Gardsnamn som kjelde i bygdehistoria» drøftar Margit Harsson gardsnamnklassane *by/bø, vin, heim, land, staðir, set, tveit, rud* og *gard* etter tyding, mengd, produktiv tid, sentrale område, uttale, forledd og overgang til soknenamn. Forskingshistoria med divergerande synspunkt kjem godt fram, utan at det meinkar den sikre kunnskapen namna gir. Oversynet er kjærkomi for begge fag. Siste artikkelen gjeld stad- og personregister i by- og bygdebøker og er skriven av Tom Schmidt. Registerarbeidet er ujamt i denne litteraturen. Nyttan skulle tilseie høg prioritet. Schmidt held fram ymse bøker etter last og forteneste, og gir retningsliner for fullnøyande register over stader og personar. Stikkord er uavkorta representasjon og konsekvent skrivemåte. Med visse nyansar går Schmidt inn for same normering av personnamn som Gudbrandson gjer.

Artiklane har felles litteraturliste til slutt. Boka er veileigna som innføring i dei emna seminaret tok opp.

Kristoffer Kruken  
krisstoffer.kruken@inl.uio.no

## SIGNATURAR I SEGNER OG STADNAMN

Frans-Arne Stylegar og Inger Vågen: *Signaturer fra en annen tid. Hidrehistorie i sagn og stedsnavn*. Illustrert av Grethe Danielsen. Kystmuseet Fedrenes Minne. Hidra 2001. 216 sider.

«Folk har til alle tider satt sit preg, sine signaturer, på det landskapet vi ferdes i til daglig», skriv Frans-Arne Stylegar og Inger Vågen i innleiinga til boka *Signaturer fra en annen tid. Hidrehistorie i sagn og stedsnavn*, utgjeven av Kystmuseet Fedrenes Minne. Fortida gjev seg til kjenne i mange ulike kjeldetypar, og to av dei er segner og stadnamn. Sjølv om det er tale om to ulike felt, eit folkloristisk og eit språkleg, heng dei ofte saman og kan utfylla kvarandre. I 1974 gav Olav Bø og Ørnulf Hodne ut ei populærvitskapleg bok med tittelen *Norsk natur i folketru og segn* der stadnamna spelar ei viktig rolle. Her kan det òg ha interesse å nemna trebandsverket *Listamålet. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne I–III* av Njål Vere, omtala i *Nytt om namn* nr. 18 (1993), nr. 20 (1994) og nr. 23 (1996). I desse bøkene er tilfanget ordna slik at ord- og namnestoffet er trykt i ei venstrespalte og tradisjons- og segnstoffet som knyter seg til stadnamna i ei høgrespalte. Boka til Stylegard og Vågen er ordna i desse bolkaner: Signa-

turer (som er ei innleiing på ca. 6 sider), Landskapet (ca. 9 s.), Historie/tid (ca. 42 s.), Stedsnavn (ca. 90 s.), Tru (ca. 50 s.). Den fyrste bolken nemner litt om kjeldene og om namnetolking, medan dei to fylgjande dannar ei geografisk og historisk ramme om stadnamna og segnstoffet i dei to siste bolkane. Den historiske delen er på same tid historisk og segnhistorisk, forfattaren opnar for kosmologiske perspektiv og dreg liner på grunnlag av meir eller mindre tydelege spor etter ein titusenårig menneskeleg eksistens i landet. Dette gjer framstillinga spennande å lesa, men det er ikkje alltid like lett å sjå kvar signaturane sluttar og fantasien tek over.

Stadnamna i den fylgjande delen er ordna delvis etter lokalitetsgrupper, delvis etter kva dei fortel om. Om lag 1130 stadnamn er omtala. Aller fyrst kjem øynamnet *Hidra*, vanlegvis sett i samband med ei rot som tyder 'oppsplitta, sundskoren'. Etter ein lokal tradisjon skal det ha funnest eit bortkome namn \**Ven* knytt til øya, mogeleg nedfelt i eit holmenamn «Veenholmen» (1836). Forfattaren av namnedelen (Vågen) har referert ulike lokale synspunkt, men klokeleg vore varsam med å dra nokon konklusjon. Spørsmålet treng vidare utgreiing. Typisk for namnedelen er at dei enkelte namna vert sette inn i ein lokalhistorisk samanheng, og det gjer at teksten fengjer meir enn ved ei oppstilling av dei ulike namneledda. Ofte vert alternative tolkingar nemnde, som *Skadeberget* av fiskenemnet *skate* (i samanliknande funksjon) eller *skade* m. I gruppa for «botaniske» stadnamn merkjer eg meg *Mariarokksletta*, der *mariarokk* er lokalt namn for *vårmarihand*, og *Reinferdal*, som inneheld den lokale forma *reinfer* for *reinfann*. Ved mange namn er det vist til annan faglitteratur, noko som styrkjer framstillinga. Namna er ordna alfabetisk under kvar gruppe, men ein saknar eit alfabetisk namneregister for alle stadnamna som er omtala. Etter baksideteksten er «hundrevis» av stadnamn omtala. Elles er underskrivne kjend med at Vågen har samla inn over 6000 stadnamn frå *Hidra*, så ho har mykje å ta av. Ein skulle gjerne hatt med uttalen av namna i lydskrift, sjølv om den stort sett dialektnære skrivemåten gjev lesarane eit tilnærma inntrykk av uttalen. Det er fortjenestefullt at ein person som på eiga hand har sett seg inn i namnegransking, har samla inn og gjeve ut stadnamn på ein måte det står respekt av. Det neste må vera å få ordna heile materialet for *Hidra* og lagt det til rette i ein elektronisk database og få det publisert, anten i bokform eller på Internett.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@inl.uio.no

## DANSK PERSONNAVNBOK

Eva Villarsen Meldgaard: *Den store Navnebog*. Aschehoug forlag. København 2002. 295 sider.

*Den store Navnebog* utkom første gang i 1994. At den i 2002, åtte år etter, allerede kommer i 5. utgave, skulle tyde på et godt salg av de foregående utgavene. Det er ikke til å undres over. «Den store Navnebog skulle tilgode-se alle ønsker», står det i forordet. Den er beregnet på lesere som skal navngi et nyfødt barn, og som vil ha opplysning om og forklaring på navn som er moderne her og nå – og helst også de navna som blir moderne i morgen – samtidig som den gir en utførlig gjennomgang av om lag 1000 danske kvinne- og mansnavn, med opplysning om opprinnelse, betydning og popularitet. De 1000 navna er utvalgt dels etter antall navnebærere, dels etter hvilke fornavn som faktisk brukes i dag. Dessuten fokuserer boka på trender og forsøker å si noe om morgendagens personnavn.

Som tittelen sier, er dette ei stor bok, på 295 sider. Boka er morsomt innbundet der den er overstrødd med spørsmålstegn laget som jente- og gutteansikter. De fører oss videre til bokas undertittel: «Hvilket navn skal vi vælge? Hva betyder navnet?»

«En ordbog skulle helst blive lidt bedre for hver ny udgave», sier forfatteren. I det nye kapitlet om framtidens motenavn får 90 dagsaktuelle navn, som i 1985 var så lite brukt (eller ikke eksisterte i det hele tatt i det danske navneforrådet) at de ikke var kandidater blant de 1000 vanligste fornavna, sitt eget kapittel.

Nytt i denne utgaven er også at tre lister er flettet sammen til en; nemlig det danske kirkeministeriets liste over godkjente personnavn fra 1990, tilleggslista fra 1997 og «Institut for Navneforsknings vejledende minusliste», dvs. godkjente navn med mellom null og tre navnebærere. Dette bidrar til å lette oppslagsarbeidet.

Navneleksikonet utgjør hoveddelen av boka, i alt 213 av de 295 sidene. Her får vi angivelse av tidspunktet navnet første gang opptrådte i Danmark, antall danske statsborgere som bar navnet i 1985, opplysning om hvilke tiårsperioder navnet har hatt sin høyeste popularitet og om trend. Sistnevnte symboliseres med oppad- og nedadgående pil hvis navnet er på vei opp eller ned, «M» hvis navnet er et motenavn, og «S» hvis navnet er sjeldent.

Artikkelen under hvert enkelt navn innledes med en forklaring på navnets opprinnelige betydning. I andre avsnitt gis eksempler på berømte personer med samme navn, «en broget skare der går fra rockstjerner til paver, fra Mick Jackers eks-hustru *Bianca* til *Jomfru Maria*.» Deretter får vi vite i

hvilken del av Danmark navnet er vanligst. Til sist gis en kort beskrivelse av navnets opp- og nedturer i nyeste tid.

For oss nordmenn er kanskje kapitlet «De 10 mest almindelige navne i udlandet» spesielt interessant. Listene fra 2001 viser at 3 guttenavn og 2 jentenavn er sammenfallende på Danmarks og Norges 10 på topp-lister; nemlig *Mathias*, *Christian/Kristian* og *Jonas*, samt *Julie* og *Sarah/Sara*.

Boka inneholder også kapitler om «Hvad er et fornavn?», hvor navna stammer fra (danske fornavns historie), de mest populære personnavna i Danmark gjennom historien, de 10 vanligste personnavna 1980–85 – geografisk fordelt, hva danskene het ifølge Det Centrale Personregister – fra de eldste til de yngste – i 1985, motenavn, oppkalling, idolnavn, «Findes der kønne navne og grimme navne?», navneskikk i andre land, og til slutt almanakknavn. Noen av disse kapitlene omhandler store emner, men har fått liten plass i boka. For eksempel er emnet navneskikk i andre land bare gitt en drøy side. Denne ene siden byr til gjengjeld, som resten av boka, på underholdende lesning.

I det hele tatt er boka skrevet i en lett og uhøytidelig stil, som sikkert vil fenge den alminnelige danske potensielle navngiver og få henne/ham til å lese litt om personnavn, istedenfor å velge ukritisk fra frekvenslister. Og da er jo nettopp forfatterens mål nådd.

Man kan selvfølgelig stille spørsmål om virkningen av slike trend-reflekterende navnebøker sammenliknet med for eksempel *Norsk personnamnleksikon*, som er mer historisk orientert. Er de med på å forsterke trendene, eller får de tvert om navngiverne til å unngå navn som er eller ser ut til å bli svært vanlige? Antakelig er svaret både – og, avhengig av navngivernes holdning. Noen *ønsker* et vanlig navn, andre er svært bestemt på at de *ikke* vil at deres barn skal drukne i mengden av alle *Kristian*'ene og *Julie*'ene. Disse siste kunne sikkert hente nyttige råd i et navneleksikon som fokuserer mindre på dagens navneforråd og mer på det tradisjonelle.

Anne Svanevik  
anne.svanevik@statkart.no



## AVGRENSING AV NAMNEKATEGORIER

*Avgränsning av namn kategorier. Rapport från NORNA:s tjugonionde symposium på Svidja 20–22 april 2001.* Red. av Terhi Ainiala og Peter Slotte. Tallin 2002. 190 sider. (Forskningscentralen för de inhemska språken. Skrifter 4.)

NORNA:s 29. symposium, som vart halde på Svidja i Finland 20.–22. april 2001, hadde avgrensing av namnekategorier som emne. Rapporten er no komen ut som nr. 4 i skriftserien til arrangørinstitusjonen, Forskningscentralen för de inhemska språken, og altså ikkje i NORNA-serien, slik dei fleste rapportane av dette slaget gjer. Det treng ikkje vera noka stor ulempe, men personleg synest eg det er greitt å ha flest mogeleg samla i den felles publikasjonslista over NORNA-rapportane.

Av dei 10 prenta føredraga er heile fire av norske deltakarar, elles er vertslandet representert med to og dei andre nordiske landa med eitt kvar. Dei tre fyrste innlegga tek føre seg teoretiske og metodiske sider ved avgrensing av namnekategorier. Vibeke Dalberg har sett «De propriae særtræk – et diskussionsindlæg» som tittel for sitt tilskot. Kristin Bakken drøfter «Navnstatus og bestemthetskategorien», medan Gunnstein Akselberg i ein lang artikkel går inn på «Kategorisering som prinsipp i namnegranskinga». Dei andre føredragshaldarane hadde stort sett avgrensingsproblem i einskilde namnekategorier som emne, såleis bygde Terhi Ainiala på urbane namn, Paula Sjöblom firmanamn, Katharina Leibring husdyrnamn, Svavar Sigmundsson personnamn som stadnamn, Vidar Haslum stadnamn, Berit Sandnes integrasjon av lånenamn, Anfinnur Johansen namn på kapproingsbåtar. Rapporten vert avslutta med ei oppsummering av Rob Rentenaar. Alle innlegga er forsynte med samandrag på engelsk. Med denne boka har nordisk namnegransking fått eit nytt fint tilskot til diskusjonen om avgrensing både av den språklege storleiken namn og av ulike typar namn.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@inl.uio.no

## SVENSK STADNAMNLEKSIKON

*Svenskt ortnamnslexikon*. Utarbetat inom Språk- och folkminnesinstitutet och Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet. Redaktör: Mats Wahlberg. Språk- och folkminnesinstitutet. Uppsala 2003. 422 sider.

Den fyrste utgåva av *Norsk stadnamnleksikon* kom alt i 1976, fjerde utgåva kom i 1997 (alle utgåvene redigerte av Jørn Sandnes og Ola Stemshaug), medan Danmark fekk fyrsteutgåva av si *Stednavneordbog* i 1981–83 og andreutgåva i 1994, bae redigerte av Bent Jørgensen. Det har lenge vore eit sagn at ikkje Sverige kunne framvisa eit liknande oppslagsverk, men no har det kome. *Svenskt ortnamnslexikon*, forkorta SOL, er nyleg gjeve ut med Mats Wahlberg som redaktør, og med god hjelp av fleire av dei andre namnegranskarane i Uppsala-miljøet. Dei er Thorsten Andersson, Eva Brylla, Lennart Hagåsen, Svante Strandbeg, Ulla Swedell, Per Vikstrand. Dessutan har Lennart Elmevik, Staffan Fridell og Leif Nilsson medverka.

Leksikonet inneheld om lag 6000 av dei mest kjende svenske stadnamna og har såleis same omfang som Norsk stadnamnleksikon. Det har nokre korte innleiingsartiklar om kva stadnamn er, om namnetolking, om finske og samiske stadnamn, og om namnerøkt. Dei viktigaste namnelekkene (grunnorda) er handsama særskilt, slik det òg er gjort i dei danske og norske utgåvene. Artiklane fylgjer eit fast oppsett med oppslagsform, kva det er namn på, eldre belegg når dei finst, tolking, ofte med tilvising til andre oppslag med nærare forklaring av namneleddet. Slår ein opp på t.d. *Tjörn* i Bohuslän, får ein vita at det er skrive (*j*) *bjorn* i 1320, og at det kan setjast til eit norrønt *\*bjór* 'bergshöjd', og kan tyda 'den av berg oppfyllda ön'. Det er ikkje gjeve litteraturtilvisingar i samband med dei einskilde oppslaga, slik det ofte er gjort i *Norsk stadnamnleksikon*, men bak i boka er ei rikhaldig litteraturliste ordna regionalt. Spesielt for dette leksikonet er ei rekkje fine illustrasjonar som utfyller teksten i ein god del av oppslaga. Det er all grunn til å gratulera grannefolket vårt med denne fine og allmenntyttige utgjevinga.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@inl.uio.no

## STADNAMN FOR TURISTAR OG ANDRE

Inge Særheim: *Frå Feisteinen til Napen. Stadnamn i Rogaland. Stavanger turistforenings årbok 2002*. Stavanger 2002. 220 sider.

Gjennom åra har både Den Norske turistforening (DNT) og dei regionale turistlaga gjeve ut ei lang rekkje tematiske årbøker, anten ut frå ei geografisk avgrensing, som Hardangervidda, Stølsheimen, Jotunheimen, eller ut frå eit emneområde som knyter seg til natur og folkeliv, t.d. dyreliv, stølsliv, turisme. I fleire av desse publikasjonane har det vore med artiklar om stadnamn som på sin måte kan fortelja om det aktuelle området eller emnet. Sidan stadnamna er ein refleks av mennesket sin omgang med naturen, kan dei fortelja noko om nær sagt det meste. Stavanger turistforening har teke konsekvensen av dette og har vigg heile årboka for 2002 temaet stadnamn. Det har dei kunna gjera så mykje meir som dei har fått ein av dei fremste stadnamngranskarane i landet til å stå for arbeidet, Inge Særheim, professor i nordiske språk ved Høgskolen i Rogaland. Han har særleg arbeidd med stadnamn i Rogaland, både i samband med innsamling og gransking. Særheim har ein stor produksjon bak seg og har kunna henta inn stoff frå sine egne utgjevingar, men har òg kunna dra nytte av annan stadnamnlitteratur frå fylket, ikkje minst dei mange hovudoppgåvene. Registeret inneheld over 2700 namn og namneledd, mange med målføreformer i parentes.

Boka er delt inn i åtte bolkar som kvar gjev ulike innfallsvinklar til namnetilfanget: 1) Adresser og kulturminne, 2) Sjøen og skjergarden, 3) Elvar og vatn, 4) Fjell og dalar, 5) Samfunnsliv, verksemder og tradisjonar, 6) Gard og grend, 7) I vesterveg, og 8) Gransking av stadnamn. Kvart kapittel har underoverskrifter som «Stølsvegen», «Ferdslveg og ferdamate», som atter er delt i undertema. Dette gjer det lett for lesaren å finna fram på dei einskilde sidene. Eit avsnitt tek for seg namna frå Breive til Bleskestad, her er det òg eit rutekart. Elles er ikkje boka noka namnesoge tilpassa dei einskilde turistrutene – kanskje somme lesarar ville ha føretrekt det. Boka er likevel ein nyttig turguide, for ved å slå opp i registeret finn ein fort fram til dei viktigaste namna ein møter undervegs til fots, på hjul eller kjø. Jamvel dei som dreg til dei gamle norske koloniane i vest eller til Midtvesten, vil i kapitlet «I vesterveg» finna samband med stadnamna i Rogaland.

Eigentleg svarar boka best til undertittelen «Stadnamn i Rogaland». Ho er som nemnt tematisk ordna, dels etter landskapstype (sjø, kyst, elvar, vatn, fjell, dalar), dels etter ulike former for menneskeleg aktivitet som samfunns- liv, verksemder, tradisjonar, gard og grend. I tillegg er det eit innleiings- kapittel om framvoksteren av stadnamn og eit avslutningskapittel om stad-

namngransking. Denne råma er med på å setja namna i eit vidare ljøs, både når det gjeld dei mentale prosessane som ligg bak namngjevinga og dei semantiske felte materialet konstituerer. Boka er såleis langt meir enn ei opprekning av namn med tydingsopplysningar. Heile tida merkar ein at forfattaren kjem inn med meir grunnleggjande synspunkt, t.d. ved å sjå namna i høve til målføregrensar, ved å knyta einskilte vassførenamn til eit indoeuropeisk språksteg, eller ved å sjå dei tradisjonelt rekna kultiske namna i eit meir kritisk ljøs – ein anar her at Særheim kjenner seg meir i slekt med Eivind Vågslid enn med Magnus Olsen.

Det som truleg aller fyrst vil falla lesarane i augo, er det flotte bilettilfanget som boka er utstyrd med. Så å seia kvar side har eitt og stundom fleire fotografi, og ein del av bileta dekkjer to sider. Den moderne trykkjetechnikken har gjort slike bøker til ei visuell nyting og visseleg til eit effektivt lokkemiddel til å ta naturen nøgnare i augnesyn. Kvar illustrasjon har ein opplysande tekst (skriftstorleiken er kanskje i minste laget), som fyller ut spalteteksten. Ein ser at forfattaren har stått for dette òg, sjølv om ein på s. 139 les gno. *Njardarland* i biletteksten mot rett *Njarðarland* på s. 140. Det er elles lite å pirka på i denne boka. Eit svært stoff er gjeve ei i beste forstand populær form. Det er all grunn til å gratulera Stavanger turistforening og forfattaren med dette tiltalende produktet. Rogaland er no for alvor opna for den som vil ta vegen fat.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@inl.uio.no

## STADNAMN I MJØSDALEN

Odd Vevle: *Stadnamn i Mjøsdalen*. Hosanger sogelag og Osterøy sogelag. Osterøy 2001. 64 sider + separat stadnamnkart.

«Stadnamn som eg lærte i barndommen har blitt eit slags nøklar. Med dei opnar eg og går inn i det 'rommet' som er barndommens rike.» Slik opnar Odd Vevle den vesle boka si om vel 800 stadnamn frå bygda Mjøsdalen på Osterøy og viser med det at han har oppdaga og vil formidla stadnamna som lokal identitet. Forfattaren er botanikar og underviser i botanikk og økologi ved Høgskulen i Telemark, men har halde kontakten med heimegrenda, m.a. ved å gå rundt i bygda og samla inn stadnamn. I tillegg til eiga innsamling har han henta tilfang frå tidlegare oppskrifter, m.a. Skulebarns-

oppskriftene. Hovuddelen av heftet er ei opplisting av stadnamna ordna under kvar av dei til saman åtte matrikkelgardane, og slik kan dei som høyrer til den einskilde garden, lettare finna fram til spora etter sine forfedrar. Namna er skrivne etter målføret med vanlege bokstavar så langt det lèt seg gjera. Den dialektale skrivemåten er òg nytta i det alfabetiske registeret og på kartet. Det slår likevel denne meldaren, same kor stor godhug han har for målføret, at det hadde vore ei vinning for framstillinga om namna hadde vore normerte, men då med målføreforma som ei tilleggsopplysning. Inkonsekvensar i skrivemåten har det vore vanskeleg å unngå, som når *Gjeitagøtå* vert skriven med *Gj* i framlyd og *Jeilæ* med *J*.

Namna har stort sett fått ei rimeleg forklaring. Nokre gonger stussar ein, som når *Refsneset* vert sett i samanheng med *raft*, her er det meir sannsynleg å setja føreleddet anten til dyrenemnet *rev* m. (som i *Refskleivæ*) eller vb. *refsa* og *refs* m. 'straff' (jf. Kåre Hoel si utgreiing om denne namnetypen i *Institutt for namnegransking. Årsmelding 1981*).

I eit kapittel om stadnamnkategoriar har forfattaren diskutert ulike inndelingsmåtar og kome fram til det er mest fornuftig å gruppera etter grunnord. Det kan ein vera samd i, men når *Tolvskjeppejere* vert sagt å innehalda «Grunnord med talord» og *Brurabykset* er «Grunnord med verb», ber det gale av stad. Dei ulike formelle og funksjonelle kategoriane er representerte gjennom eit innfløkt sett med kodar som det er vanskeleg å finna fram i.

Etter mitt syn kan det rettast innvendingar mot handsaminga av dette stoffet, og forfattaren hadde tent på å diskutera kategoriseringa med ein namnefagleg person. Når det er sagt, må ein gje forfattaren honnør for å ha registrert og lagt fram eit rikt namnestoff med mange nyttige bakgrunnsopplysningar. Det er t.d. interessant å sjå at heile 70 namn er laga til plantenemne. Namnekartet med alle dei ca. 800 stadnamna påførde, attåt eit alfabetisk namneregister på baksida, er beint fram imponerende.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@inl.uio.no

## URSÄKTA, HUR VAR NAMNET?

Eva Brylla: *Ursäkta, hur var namnet? Personnamn i praktiskt bruk*. Uppsala 2002. 126 sider.

Framsida av denne vesle boka har ei teikning av ein kvinneleg prest som seier: «Jag döper dig Åskar Fantomen». Slike teikningar med tilhøyrande snakkebobler finst det mange av i boka. Dermed er òg tonen lagd. Det går fram av føreordet at boka vender seg mot ålmenta, og det inntrykket får ein snart stadfest når ein tek til å bla. Føremålet med boka er å ta opp dei praktiske sidene ved personnamna: Kva kan ein heita? Kan ein skifta namn? Kva seier lova? Med den inngåande kjennskapen forfattaren har til personnamnbruken i Sverige, har ho dei beste føresetnadene for å svara på slike spørsmål. Dessutan fungerer boka som eit debattinnlegg overfor styremaktene og deira tolking og handtering av personnamn.

Boka er ordna i tre hovuddeler etter kva namn det er tale om: Førenamn, mellomnamn og etternamn. I den fyrste bolken vert det gjort greie for m.a. heimlege og innlånte førenamn, fleirnamnsystemet, namneval, namna i almanakken (som spelar ei mykje større rolle i Sverige enn i Noreg, og som dermed i ein viss grad kan verka inn på namneval). Vidare er det med eit avsnitt om kva lova seier om førenamn. Så fylgjer gode råd ved namneval. Når det gjeld mellomnamn, er det kort vist kva kombinasjonar som er vanlege. I bolken om etternamn får me fyrst eit historisk oversyn, deretter kan lesaren fylgja utviklinga mot ein stadig meir liberal praksis for å ta etternamn, samstundes som det vert gjort greie for kva omsyn som må takast til verna namn. Også for skifte av etternamn er det gjeve rettleiing. Alle dei tre avsnitta har eit representativt utval av faglitteratur og kjelder. Som vedlegg er namnelova av 24. juni 1982 teken med.

Ei liknande fagleg solid og samstundes enkel og populær handbok ville tvillaust finna ein marknad i Noreg òg.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@inl.uio.no

## OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER

### NAVN I SLAVISKE FAMILIER I NORGE

Małgorzata Anna Fałkowska: *Namn i norsk-slaviske og slavisk-slaviske familiar i Noreg, med vekt på norsk-polske og polsk-polske familiar*. Hovudoppgåve i nordisk. Universitetet i Tromsø. Våren 2003. 209 sider + 50 sider vedlegg.

En hovedfagsavhandling om valg av personnavn – og om motivene for disse valgene – er sjelden kost, og når emnet dertil er navnevalg i innvandrerfamilier, blir resultatet en avhandling som skiller seg fra det meste som er skrevet i genren. Her var det ingen klare mønster for hvordan oppgaven skulle legges opp, og forfatteren måtte på egen hånd både legge opp ruta og finne veien. Og la det med en gang være sagt: Hun kom i mål – med glans – og hun har evnet å dele med leseren det hun opplevde underveis.

Avhandlingen faller i fire deler:

Kap. 1–6 (s. 5–62) omfatter en innledning med klart formulerte problemstillinger og hypoteser, en gjennomgåelse av terminologien, en «drøfting av namn sett i lys av identitet og etnisitet», en nødvendig oversikt over «spesielle trekk ved lyd- og skriftsystemet i slaviske språk» og «nokre trekk ved slavisk namneskikk» (alle med hovedvekt på polsk) og endelig en viktig drøfting av valget mellom kvalitativ og kvantitativ metode, som fornuftig nok konkluderer med *ja takk, begge deler*.

Kap. 7 (som noe misvisende er kalt «Del I»; s. 63–91) er en kvantitativ undersøkelse av materiale hentet fra folkeregisteret. Den omfatter 3430 navn på 2267 barn født i perioden 1975–2000 av norsk-polske eller polsk-polske foreldre. Blant alt det interessante i kapittelet har jeg spesielt satt pris på avsnittene om kildekritikk og klassifisering av navn, mens selve drøftingen av resultatene, viktige som de er, nok blir noe kjedeligere lesning, med den tilsynelatende uunngåelige prosentregningen som personnavnstudier gjerne preges av.

Kap. 8 (like misvisende kalt «Del II»; s. 93–185) er en nitid gjennomgåelse av intervju med 22 familier (14 norsk-polske og polsk-polske, 8 andre norsk-slaviske og slavisk-slaviske). Her går forfatteren grundig inn på de enkelte familienes sammensetning og gjør inngående rede for motivene som har ligget til grunn ved navnevalgene, f.eks. hensyn til på den ene siden religion og til familien i hjemlandet – og ofte til religiøst baserte tradisjoner, og på den andre siden hensynet til funksjonaliteten i Norge. Enkelte ganger

kunne nok referatene – og drøftingen – vært skåret ned betraktelig, men i all hovedsak er dette en meget viktig del av avhandlingen.

Kap. 9 (s. 187–96) er en innsiktsfull redegjørelse for «slavisk etternamnskikk i møte med norsk namnelov», og kap. 10 (s. 197–99) er et «kort samandrag». Dette følges av en litteraturliste på ikke mindre enn 98 titler, hvorav en lang rekke fra polsk og annen slavisk litteratur. Som vedlegg (s. 211–50) har forfatteren den fullstendige navnelista hun har utarbeidet på grunnlag av materialet fra Statistisk sentralbyrå (navnene er klassifisert og ordnet alfabetisk), en «intervjuguide» samt noen (for denne anmelderen mindre interessante og for avhandlingen mindre vesentlige) utdrag fra polske navnedagskalendere.

Avhandlingen er gjennomgående god. Den er godt disponert og så vel introduksjonen som redegjørelsen for tidligere forskning, terminologi og metode er samvittighetsfullt og skikkelig gjennomført. Kapitlet om slavisk navneskikk er interessant og – som det aller meste ellers – velskrevet. Forfatteren har hatt en klar problemstilling, og det er fortjenestefullt hvordan hun gjennomgående drøfter resultatene i forhold til de framsatte hypotesene.

Av personvern hensyn har det vært nødvendig å klausulere avhandlingen. Dette er forståelig, men like fullt å beklage. Forfatteren oppfordres med dette til å omskrive og søke å få publisert deler av avhandlingen; det kunne gjelde f.eks. visse metodiske aspekter, ekskursen om esperantonavn og kanskje aller først det interessante avsnittet om mannsnavnet *Gustav*.

Tom Schmidt  
tom.schmidt@inl.uio.no